



Arkivnr: 2018/16480-15

Saksbehandlar: Silje Lyngstad

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland		04.12.2018

### Uttale i sak om "Justering av tilbodsstrukturen 2019/20 (klassemøte)"

#### Samandrag

Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune har gjort framlegg om endringar i tilbodsstrukturen ved dei vidaregåande skulane i Hordaland for skuleåret 2019/20. Saka dannar grunnlag for kva tilbod som skal vere råd å søke i Vigo for komande skuleår. I mai 2019 vil fylkesrådmann legge fram ei sak med justeringar i tilbodsstrukturen (justeringssaka) for å få betre balanse mellom søkemønster og tilbodsstruktur.

Saka har relevans for fylkeseldrerådet fordi den seier noko om utdanninga til helsearbeidarar og som vil påverke tilgangen på pleiepersonell i eldreomsorga. Saka skal opp i utval for opplæring og helse 27.11.18 og fylkesutvalet 06.12.18. Saksframlegget ligg vedlagt i denne saka.

Fylkeseldrerådet vert bedne om å sjå over saka og ta stilling til om ein ønskjer å kome med ei uttale. Ettersom fylkeseldrerådet ikkje har rådsmøte før 04.12.18 er fristen for å melde ei eventuell uttale opp til fylkesutvalet 06.12.18 utgått. Alternativet er at ein skriv ei uttale som ein sender på e-post til utvalsmedlemmane i fylkesutvalet. Fylkessekretariatet vil vere behjelpeleg med å sende ut e-post.

#### Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet sender ei uttale om saka på e-post til utvalsmedlemmane i fylkesutvalet innan 06.12.18.

Bertil Søfteland  
leiar fylkessekretariatet

Silje Lyngstad  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Saksframlegg "Justering av tilbodsstrukturen 2019/20"